

## HØYRINGSINNSPEL

<b>Sak</b>	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> Innsending etter 01.01.17: <a href="mailto:post@hvl.no">post@hvl.no</a>
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.  Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
<b>Kapittel 4</b>	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.  Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
<b>Kapittel 5</b>	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

<b>Kapittel 6</b>	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
<b>Ansvarlig</b>	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
<b>Utsending</b>	Programsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for fou, Sogn og Fjordane
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Drøfta i møte mellom forskingsrådgjevarar, kommunikasjonsrådgjevar og bibliotekleiar 11.11.2017.
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Rapporten drøftar i liten grad ulikskapane mellom utdanning, fou, personal og økonomiadministrasjon, og i kva grad desse bør vere brukarnære eller del av eit felles kompetansemiljø – det kan vere gode grunnar for at desse ulike områda vert organisert ulikt. Det er og gått i for liten detalj inn på å synleggjere dei konkrete forskjellane i kva oppgåver som ligge til dei to ulike modellane som er føreslegne i rapporten.</p> <p>Det er eit generelt poeng at det viktig å ha ei koordinert satsing på områder vi skal satse og bli gode. For slike område (det kan gjelde internasjonalisering, forskning, digitalisering og andre område) bør dette i større grad vere ei felles koordinert teneste for HVL heller enn å vere fragmentert satsing på kvart fakultet. Satsinga må komme frå ei felles styrke og høg kvalitet i heile HVL. Dette dannar vidare grunnlaget for at det <i>i framtida</i> blir supplert med medarbeidarar innan desse felte på dei ulike fakulteta etter kvart som tenesteaktiviteten aukar på dei ein-skilde områda. Grunnlaget bør likevel skapast i ei koordinert fellesteneste av høg kvalitet. Balansen mellom fellesnivået og fakultetsnivået må og sjåast ut i frå eit ressursperspektiv. Der det er 10-15 tilsette vil det ikkje vere formålstenleg å fordele fellestenester ut på fakulteta sidan ei slik fragmenteringvil gje svært lite ressursar både på fellesnivået og på fakulteta.</p> <p>Det er viktig å bygge <i>ein</i> ny høgskule, og ikkje tre-fire nye avdelingar! Det kan difor vere grunnlag for å bygge sterkare fellestenester i den første fasen av HVL, for å utarbeide meir einsarta praksis og rutinar mellom studiestader og fakultet. Når organisasjonen HVL er godt etablert kan dette det vere mogleg å flytte fleire av oppgåvene ut på fakulteta.</p>

Team-organisering og delte tilsette mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon er ikkje drøfta i rapporten. Korleis ein matriseorganisering kunne vore brukt på dei administrative tenestene burde ha vore behandla spesifikt. Seksjonsinndelingar i fellesadministrasjonen, og kva tenester som bør ligge i desse ulike seksjonane (sjølv om dette heng saman med leveransen på Leiing frå delprosjektet på Fagleg organisering), burde og ha vore drøfta. Særleg burde ein i ha indikert kvar dei ulike oppgåvene skal høyre heime og kanskje skilje mellom meir fagleg seksjonar i fellesadministrasjonen (t.d. utdanning, forskning, innovasjon som bør koplant mot prorektorar) og meir administrative seksjonar (t.d. økonomi, personal som bør koplant mot direktørar). Eitt godt alternativ er å legge fast at kvar prorektor og direktør skal ha ein seksjon under seg (få og store fellesadministrative seksjonar), og slik må alle fellesadministrative tenester leggjast under desse. Då er det eit spørsmål kvar IT, kommunikasjon, arkiv, bibliotek og ekstern finansiert verksemd skal ligge – under fagseksjonar styrt av prorektorar, eller under administrative direktørar? Biblioteket i Sogn og Fjordane ser det som si primære oppgåve å styrke undervisning og forskning, og må ha forankring i fagleg verksemd. Det er naturleg å tenkje organisering under ein prorektor med ansvar for forskning. Det vil likevel vere viktig å vere tett på dei andre ansvarsområda som ligg under dei andre prorektorane, og at biblioteket blir ein viktig aktør inn i råd og utval som dekker heile den faglege breidda i HVL.

Omgrepet «forskningsformidling» manglar i oversikta over administrative oppgåver, og er noko anna enn generell kommunikasjon og marknedsføring (som ligg inne som omgrep). Forskningsformidling bør inn som prioritert oppgåve i HVL, og det bør settast av eigne ressursar til dette for å skrive t.d. grundige, gode og meir utførlege saker til forskning.no og andre relevante forskningsformidlingskanalar for å sikre at forskningsformidling med høg grad av presisjon blir ivareteke i HVL. Dette kan gjerne organiserast saman med tenestene innan kommunikasjon eller forskningsadministrasjon, men det bør identifiserast som eit eige prioritert område – særleg for å betre ivareta formidlingsdelen av dei fagtilsette sitt oppdrags som ofte blir for dårleg ivareteke. Dette er særleg viktig i den aktuelle debatten om det post-faktuelle samfunnet

Innan forskningsadministrasjon bør «oppfølging og støtte» ligge på fakultetsnivå. Kva som ligg i omgrepet «forskningsadministrasjon» bør bli meir detaljert og klargjort, og det vil mest sannsynleg vere nokre oppgåver som høyrer til i fellesnivået (EU-administrasjon, kvalitet i søknader, forskningsetikk, IPR) og nokre oppgåver som høyrer til fakultetsnivået (NFR-administrasjon, oppfølging av prosjekt etc.). Det kan vere at dei ulike fakulteta treng eigne kontaktrådgjevarar for forskning i fellesadministrasjonen som har særskilt kunnskap om fagaktiviteten på dette fakultetet, som eit supplement til fakultetsrådgjevarane.

Forskningstenestene bør organiserast i team, både tverrfagleg for prosjekt og søknader (ad-hoc), men og faglege team internt i organiseringa av fellestenestefunksjonar (EU-rådgjeving, forskningsetikk, IPR etc.). Det vil vere slik at ein del av søknadsprosessane og prosjekta treng større tverrfaglege ad-hoc «team» med samansett kompetanse (forskningsrådgjevarar, økonomirådgjevarar, bibliotekstenester, kommunikasjonsrådgjevarar) for å støtte prosjekta, men

	<p>samtidig treng medarbeidarane også eit kompetansefelleskap og bør vere organisert i respektive fag- eller administrative seksjonar. Dette burde ha vore belyst og kommentert i rapporten.</p> <p>Eit forslag for å løyse administrative oppgåver i t.d. ein felles forskingsadministrasjon vil vere at kvar tilsett får ei (evt. nokre) kjerneoppgåve der ein, gjerne i eit faglege team, har eit institusjonelt utviklings- og systemansvar (gjerne i om lag 50 prosent). I resten av stillinga jobbar ein friare og breiare saman med andre innan forskingsadministrative tenester med andre og meir varierte oppgåver. Dette kan mellom anna vere innan utvikling av nye system og rutinar, og i ad-hoc team opp mot fakultet og forskarar i konkrete prosjektutviklingsprosessar. Dette vil kunne gje positive effektar på den tilsette si faglege utvikling, variert arbeidsdag, sikre at fleire kan løyse fleire arbeidsoppgåver, og sørge for at prosessar blir harmoniserte mellom fakultet og dei ulike kjerneoppgåvene. Sjølv om nokre av arbeidsoppgåvene kan utførast for forskarar og prosjekt på fakulteta bør arbeidsgjevaransvaret følgje kjerneoppgåva.</p> <p>Generelt vil det vere viktig å bygge ein organisasjon som har rom for fleksibilitet, og dette gjel særleg i starten. Organiseringa må ha rom for å utvikle, evaluere og forbetre arbeidsprosessar gjennom kontinuerlege endringar utan at strukturane må omorganiseras.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>I figuren på side 13 ligg «Økonomi; budsjettering i fakultetet og regnskapsoppfølging», og «HR/personal; personaloppfølging og rekruttering» i både det som <i>skal</i> gjerast på fakultetsnivå, og i den ruta der det anten kan gjerast på institusjonsnivå eller fakultetsnivå. Dette er anten feil (i tabellen på side 9 er dette ikkje indikert som ein av dei oppgåvene som <i>må</i> ligge på fakultetsnivå), eller at funksjonane ikkje er detaljerte nok til at dei let seg skilje med denne overordna nemninga. Det vil og vere svært mange ulike arbeidsoppgåver som ligg til desse funksjonane. Det kan vere nokre funksjonar som bør ligge til fellesnivået, og nokre funksjonar som bør ligge til fakultetsnivået. Dette burde ha vore problematisert i større detalj for mange av områda.</p>
<p><b>Kap 6</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov</p> <p>I tabellen over årsverk i stillingsgruppe er det svært uheldig at ikkje leiarstillingar og mellomleiarstillingar er skilt ut frå totalgruppa med administrativt tilsette. Det er og underleg at HiSF oppdrag er skilt ut som eiga einig frå fellesadministrasjonen i Sogn og Fjordane.</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	<p>Det er i rapporten vanskeleg å sjå i kva grad leveranse 1 i prosjektet har vore styrebehandla slik det stod i mandatet. Det er og eit stort sagn i rapporten at den administrative organisering ved NTNU, Nord og HSN ikkje meir gjort greie for, og det saknast ei vurdering av korleis rapporten sine to modellar kan vurderast opp mot desse institusjonane.</p> <p>Bibliotekets plassering i den administrative strukturen er i for liten grad problematisert, og ikkje omtala i dagens struktur for Sogn og Fjordane (ligg under FoU).</p>
-----------------	--